

Ragnhild Jepsen - Biskopens nyttårsmottaking 15.januar 2026

- **Vi lever i ei ny tid**

Eg har eit minne frå då eg var seks, sju år.

Bror min og eg var opptekne av krigen, enda vi ikkje var så gamle.

Eg skjønar jo no at vaksengenerasjonen på 70-talet hadde opplevingane frå krigsåra berre tre ti-år attende i tid, i ei nær historie; det er som eg no hugsar den fyrste tida eg kom som student til Oslo ...

Bestefar hadde vore på Grini, vi hadde høyrte om fienden som ville vondt.

Og eg hugsar vi spurte:

Om det blir krig no, kven er det då som vil vere dei som kjem og er slemme mot oss?

Hjå dei vaksne var det ingen tvil: Om det var noko trugsmål, så kom det frå den store naboen i aust.

Men krig måtte vi aldri få oppleve igjen! Det var dei sikre på; erfaringane frå dei fem mørke åra ville i seg sjølv gjere at viljen til fred *alltid var større* enn viljen til krig.

Verdssituasjonen og trugsmåla som også ligg over vårt land og våre naboland om kriser og hendingar vi tidlegare ikkje har sett, i alle fall ikkje på mange ti-år, pregar oss no.

Verda, og også vårt land, rustar seg.

Droner flyg over hovuda våre og amerikanske bombefly er plassert på våre flystasjonar; beredskapslageret i kjellaren er ikkje berre noko vi har laga til i tilfelle det skulle bli streik hjå matvaregrossistane.

På ein heilt annan måten enn eg nokon gong har opplevd i mi levetid, er det som grunnen under føtene dirrar. Alliansar og institusjonar som i heile tida etter andre verdskrig har vore garantistar for fred, brorskap og lojalitet, er i spel.

Det vi har teke for gitt, kan vi ikkje lenger stole på.

Det gjer noko med oss, dette.

Vi som lever i ei verd der krefter står mot kvarandre, ord står mot ord og bror kjempar mot bror, og nabofolk ynskjer å utslette kvarandre, må spørje kvarandre og oss sjølve:

Kva for krefter skal ein lene seg mot?

Er ikkje lenger viljen til fred større enn viljen til krig?

Korleis kan vi møte denne tida?

Vi må setje mot i kvarandre!

Vi må finne fram til det i oss som har gjort at menneskeætta tross alt har overlevd den tida vi har vore på jorda, trass i krefter som ville øydeleggje, om det var krig eller sott eller naturkatastrofar. For det må vere noko anna mellom oss enn krigar og rå maktutøving som har gjort at vi har overlevd krevjande tider før denne. Vi må leite fram det mellom oss som skaper fred og miskunn. Vi må, slik Nordahl Grieg skriv i eit dikt frå 30-åra, finne fram til *det mot som er barmhjertighet*. Verda ropar etter barmhjertighet, etter miskunn. Og akkurat no synes verda seg som ein ganske ubarmhjertig stad – i Ukraina, i Iran, i Sudan, i USA, på Gaza og i Det heilage landet ... -

Men viss det er slik at det krev mot å vise miskunn mot vår neste, mot vår verd, - ja, då må vi alle i denne tida setje alt inn på å vere veldig modige!

Og kvar kjem dette motet frå?

Jo, frå det allmenne, det som er lagt ned i oss, det som gjev identitet og verd, ikkje det spektakulære, men at ein ser det som eit allment kall å redde sitt medmenneskes liv.

Kyrkja i Bjørgvin er modig når det gjeld å vitne om miskunn og solidaritet med andre menneske: Når evangeliet om Jesus blir forkynt med ord, med diakoni, med kunsten og musikken, og i handlingar som er tydelege langt utanfor kyrkjemurane.

Den fyrste torsdagen i august ringte kyrkjeklokkene frå rundt 100 kyrkjer i Bjørgvin bispedøme i solidaritet med menneske på Gaza: Klokkene ringte for sivilbefolkninga, for gislane som framleis sat fanga, for alle dei som har opplevd død og vondskap, som har mista hus og heimar og familie, og som framleis lid på måtar vi ikkje ein gong kan forestille oss.

Å ringe med kyrkjeklokkene er eit sterkt verkemiddel. Eigentleg skal vi gjere det berre når vi kallar saman til gudsteneste og kyrkjelege handlingar. Utover dette skal det ikkje gjerast i utrengsmål, men når vi meiner alvor, ja - når det er fare på ferde. Difor markerte klokkinga for Gaza i sommar eit djupt alvor og ein djup solidaritet med våre medmenneske.

Lyden frå både spede og malmfulle klokker nådde heilt til Gaza - våre bønner og vår solidaritet vart eit symbol på at vi høyrer saman. Vi fekk sterke meldingar attende frå dei som kunne kjenne seg så åleine. Vi skjøna at det som for oss var ei relativt enkel handling, for dei som kanskje ikkje høyrde kyrkjeklokkene, men som høyrde *om* dei, var så viktig: De er ikkje åleine.

I desse dagane etter nyttår kunne eg i grunnen tenke meg at kyrkjeklokkene hadde ringt heile tida. Sånn kjennes situasjonen i verda for oss no. Bjørgvin bispedøme har venskapssamarbeid med Den evangelisk lutherske kyrkja på Cuba. Venskap og relasjonar har vokst fram. Og vi tenker også på dei no når spelet om makt og olje og verdier rasar rundt dei. Dette veit vi: Ein allereie svært vanskeleg situasjon for menneska på Cuba har ikkje blitt enklare. Vi fylgjer med på utviklinga, og har våre vener særleg med i bønner og tankar.

• Åndeleg lengsel – nye fellesskap

Kyrkjeklokkene ringer for oss alle. Inst i min eksistens ligg ein svarrelasjon: Noko har kalla på meg, blese livspust i meg: *Eg har kalt deg ved namn, du er min*. Mitt tilsvar ligg både i bøna ved altaret og i den opne handa strekt ut mot min neste.

Gjennom året som har gått har vi sett at særleg unge menneske på ein ny og kanskje meir intens måte enn på lang tid, er opptekne av tru og mening, av å finne fellesskap og retning som kan vere til hjelp i ei tid der dei kjenner seg usikre og redde. Men eg trur ikkje vi berre skal forklare det vi ser av auka tilstrøyming som eit uttrykk for angst og uro. Vi ser at mange søker til kyrkja, til ulike kristne fellesskap fordi ein søker tru, verdier, meningsfulle samanhengar å vere i.

Det kyrkja tilbyd i sitt nærvær i samfunnet er ein praksis, ein veremåte som trener oss i å vere lydhøre - gjennom det rituelle, gjennom bønner, ved å høyre gamle tekstar om visdom som blir nye i vår tid, det er salmane vi syng og rørslene vi gjer – alt det kyrkja tilbyd oss til å gjere saman, det som gjev oss eksistensiell beredskap. Denne livshaldninga, denne lydhørheten, meiner sosiologen Harmut Rosa er ei motvekt til det han kallar *aggresjonssamfunnet* når han seier: “Demokratiet behøver et lydhørt hjerte, ellers fungerer det ikke.” Rosa hevdar at kyrkja framfor alt er den institusjonen mellom oss som rår over forteljingar og kjelder som utøver riter og seremoniar, og som disponerer bygningar og rom der hjartet lydhørhet kan verte innøvd og opplevd.

Ein lengt i vår tid må særleg takast på alvor av oss som har som ansvar å forkynne i kyrkjene. Marte Heian Engdal, forskar og kommentator, fortalde i Aftenposten i romjula at ho det siste året har hatt eit prosjekt: Frå å tenke om seg sjølv som nokså ukjent med kyrkja og gudstenesteliv, ville ho bli nærare kjent med det, og har gjennom året vore til stades ved gudstenester i ulike Oslo-kyrkjelydar. Ho har lært å bli kjent med liturgien og “kodene” som gjeld; ho har særleg gleda seg over den rike salmeskatten og songen. Men ho kjem med ei

oppmoding som eg kjenner er viktig å ta inn over meg: Vi må ikkje la muligheten gå frå oss til å la forkynninga frå preikestolen vere aktuell i vår tid. For Evangeliet er alltid verksamt i våre hjarte – i vår verd. Eg vil la meg inspirere av Marte Heian Engdal, og oppmode alle med forkynnaransvar i Bjørgvin, til å - med hennes ord – *bruke trua og teksten til å belyse vår samtid, vår rolle i den.*

Mange opplever tida som flytande, og når orienteringspunkt ein trudde ein kjende blir borte, vert behovet for andre forsterka. Sosiale medier opnar for kjelder til inspirasjon og påverknad som ofte er utanfor oss vaksne sin kontroll og kjennskap.

I den siste veka i august var eg på bispevisitas i Luster. I møte med ein 10.klasse vart eg spurt om kva eg meinte om Charlie Kirk. Eg måtte innrømme at eg hadde aldri høyrte om han!

Berre veker etterpå - etter sin død - vart han jo eit samtaletema over heile verda, der eg blir slått og forundra av kva for påverknad hans konservative og hardtslåande retorikk har, trass i hans ynskje om å vere i samtale med sine motstandarar.

Og ikkje minst har det vore interessant, og for meg også skremmande, å sjå korleis han blir opphøgd etter sin død, ikkje berre for sine politiske meiningar, men omtalt nærast som ein Kristusliknande figur, ein frelsar for verda.

I møte med 10.klassingar både i Knarvik og på Os har eg fortalt om opplevinga mi frå Luster. Og spurt kor mange av dei som hadde høyrte om Charlie Kirk før han døydde. Og begge stadene trur eg nok at minst to tredelar av elevane har rekt opp handa.

Vi må finne ut kva desse strøymingane betyr, og korleis vi best kan møte det med respekt og interesse, og med sakleg motstand.

Når Kirk går i møte med dei som tenker annleis, er det i konfrontasjonens form, der målet heller er at hans form for kristendom skal dominere samfunnet som heilskap, også det politiske. Ein slik konfronterande strategi stadfestar Hartmut Rosas utsegn om at vi lever i eit aggresjonssamfunn.

Det er vanskeleg å sjå at dette er i samsvar med Jesu Kristi bodskap om fred.

- **Beredskap – også for kyrkjebygg og kulturminne**

Vi byrjar å venne oss til at vi må tenke og arbeide med beredskap: Den fysiske beredskapen; lageret i kjellaren, at styresmaktene kartlegg tilfluktsrom, på militær beredskap og korleis landet vårt skal ruste seg for ei kritisk tid.

Men tida gjer også noko med våre tankar og kjensler, vår tru på framtida, vår lengt etter meining. Min kollega i Oslo, biskop Sunniva, pratar om *den eksistensielle beredskapen* vi må ha – for å møte kriser, farer, sorg, endringar i eige liv og omkring oss.

Eg kjem attende til Hartmut Rosa som seier at kyrkja må tenke stort om kva den kan tilby samfunnet, for samfunnet treng kyrkja; treng ritualer, praksisar og menneske. Vi må våge å tru at kyrkja forvaltar ord, språk og rituale som ingen andre har, og at verda vår slik den er no, treng det så inderleg. Ja, vi treng alt som let oss skjøne kva det vil seie å ha eit lydhørt hjarte!

Også dei fysiske romma vi omgjev oss med, må vi ha blikk for.

Om det skulle kome ei krise av uante dimensjonar, der også vår infrastruktur og kulturarv er truga, vil våre kyrkjer vere signalbygg med stor verdi, og dermed også med stort potensiale for å bli gjort uboteleg skade på.

For våre kyrkjehus er for oss enda meir enn eit hus for trusutøving. Dei er romma for våre liv, for glede og sorg, for kollektive minne og høgtidsdagar, dei er det som bind saman og samlar oss i glede og sorg, i krise og fest.

Diktaren Einar Økland er ein av dei som har eit sterkt forhold til kyrkja der han har budd og arbeida nesten heile sitt liv. Han trakkar ikkje ned dørstokkane der, det seier han sjølv. Men han verdset kyrkja, er glad i henne og er takksam for det den har betydd for han og bygda i glede og sorg. Og då kyrkja i Valestrand i Sveio feira 150 årsjubileum, skreiv han ein vakker tekst til staden som betyr så mykje for han:

Heldigvis treng ein ikkje mange
kvite kyrkjer der ein held til –
den eine med plass til alle
er nok.

Her står det aldri skrive på døra,
kva du kan oppleve innanfor.
At presten er dåleg -
orgelet falskt –
forsamlinga tung –
og du sjølv
ein som kjenner
du kunne skrike
av mindre.

Når eit lite barn der inne stundom
i staden for deg
berre skrik og skrik,

er det likevel herleg å smile:
Alt er frå Gud!

Og du takkar
din gud
for skriket.

- **Vår lengt etter fred**

Verda hungrar etter ein rettferdig fred. Og ei sann kyrkje må alltid ransake seg sjølv og spørje: Korleis er vi med og skaper fred, korleis ber vi fram budskapen om fred til verda?

Som Guds kyrkje på jorda skal vi alltid fremme fred. Vi som bygger vår tru på Han som sa om seg sjølv at han kom med Guds fred, vi må ha han som vår fremste inspirasjon og kjelde. Slik har det vore heilt frå den fyrste tida kristendomen var på jorda. Apostelen Paulus skriv i brevet til Filipparane i det fjerde kapittelet:

Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.

Men fred er hardt arbeid. Fred kjem ikkje av seg sjølv, og den har noko med seg som forpliktar for at vi kan tru på den. Paulus utdjupar det i neste setning i same kapittel:

Til slutt, sysken: Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, det som er god livsførsel og som fortener ros, legg vinn på det!

Ein god livsførsel i vår tid er nødvendig. Det er dessverre vanskeleg å tru at ein i gangane i Kreml og i Det kvite hus for tida pratar om at det må vere ein redelighet mellom oss så vi kan tru at vi vil det beste for kvarandre, at vi ynskjer fred. Når verdas mektigaste mann seier at hans globale makt er avgrensa berre av hans eigen moral, greier vi ikkje å tru at den moralen er til nokon særleg hjelp.

Men Guds fred som overgår all forstand har ingen moral i seg. Den er lagt ned i oss alle.

I året vi har gått inn i, 2026, er det 800 år sidan Frans av Assisi døydde. Er det noko vi tenker på med han, er det bøna som har fått hans namn, den som har den innstendige oppmodinga: *Herre, gjer meg til reiskap for din fred.*
Om kvar og ein av oss har det med som ei bøn gjennom året, vil den vere sterk.

Eg tek meg i å tenke: Kunne det berre blir fred!
Fred mellom folk, fred i meg sjølv, fred i verda.
Fred som fråver av krig,
fred som vilje til å ikkje gjere kvarandre vondt.
Fred som håp for generasjonane som kjem etter oss.

Fred er også ei av dei guddomlege systrene, ein grunnlengt i menneske gjennom alle tider.
Ved jubileet for Landslova i 2024 fekk vi Brynjulf Jung Tjønn, odelsguten frå Vik i Sogn, til å skrive nettopp om denne dugleiken som aldri må gjevast opp mellom oss:

Ragnhild Gudbrandsen les frå diktet «fred»

*der det finst kjærleik
finst det fred
og der det finst fred
finst det kjærleik
og i hjartet mitt
bankar det ein blodig og raud muskel
for å halde meg i live
og der det finst liv
finst det kjærleik
og der det finst kjærleik
finst det fred
men der det finst fred
finst det også krig
kor ein krigar
om alle dei bankande hjarta
og der det er det sterkaste hjarta
som overlever
ingenting er sterkare enn fred
sjølv krig er svakare enn fred*

alt ebbar ut i fred
krigen er flammen
freden er vatnet
og vatnet sløkkjer flammen
men innimellom
blussar flammen opp igjen
viss det blir for fredeleg
kan krigen kveikne til
i natt vil eg berre ha fred
eg faldar hendene mine og ber:
la meg vere i fred
la verda få ha fred
la krig bli til fred
la hjarta mitt slå i fred
for der hjarta slår i fred
bankar blodet rundt i levande kroppar
men der hjarta slår i krig
bankar blodet rundt i kjempande kroppar
eg vil ikkje vere ein kjempande kropp
eg vil berre sove i fred
eg vil berre vakne i fred
ein lys morgon
med mild vind mot andletet
ein mild pust frå naturen
la naturen vere i fred
la naturen vekse i fred
la barn leve i fred
la barn vekse i fred
la hjarta slå i fred
la hjarta slå i levande kroppar
der hjarta sluttar å slå
er det også fred
i ein kropp som stoppar opp
og fell livlaus mot bakken
er det også fred
når nokon døyr
så finn dette menneske fred

*for alt ebbar ut i fred
krigar ebbar ut i fred
det levande ebbar ut i fred
vi menneske kan ikkje leve i fred
men vi kan dø i fred
nei, vi menneske kan ikkje leve i fred
nei, vi menneske kan ikkje la kvarandre vere i fred
la meg få puste
la meg få flyte
la meg få gå fritt rundt
tenk
å vakne opp
i ei heilt stille verd
så fredeleg
verd
så vakker
verd
tenk
å vakne opp
og tenkje på
alt det vakre
som for eksempel
på det vesle hjarta
som bankar inni brystkassa
til eit barn
eit levande barn
som spring gjennom skogen
eit levande barn
som spring over bøen
eit levande barn
som legg seg ned i graset
kva er vakrare
enn eit levande barn
som legg seg ned i graset
og ser opp mot himmelen
og høgt der oppe
er det fuglar*

*som når det mørknar
omdannar seg til fly
til faretrugande fly
no som det var så fredeleg
så kjem desse flya
no når vi leika her ute på bøen
så kjem desse flya
dei kjem så plutselig
og vi har ingen stader å gøyme oss
vi spring til alle kantar
det er som ein leik
men vi leikar ikkje meir
og no som det var så fredeleg
no som alt var så vakkert og fredeleg
som eit barn som ligg i det grøne graset
og ser opp mot himmelen
det var så fredeleg
fred vere med deg
seier vi til kvarandre
fred vere med deg
seier vi til dei vi kjenner
men også til ukjente
kan vi seie
fred vere med deg
fred vere med deg
kan vi sei til våre næraste
til foreldra våre
til søskena våre
til barna våre
fred vere med deg
tenkjer vi
når barnet vårt
går frå oss
og ut i verda
vi står i dørøpninga
og ser barnet vårt
som no er blitt vaksen*

*går ut i verda
aleine
kan barnet vårt få vere i fred
der ute i verda
tenkjer vi
eg vaknar om natta med handa knytt
eg vaknar om natta med hjarta bankande så hardt og raskt
eg tenkjer:
eg må vere sterk for barnet mitt
berre den sterke overlever
eg må vere sterk for barnet mitt
for barnet mitt treng nokon som er der
eg er her for barnet mitt
men barnet mitt er ute i verda
barnet mitt er ute i verda
og verda er full av bankande hjarte
som kjempar om kvarandre
bankande hjarte
som vil vere det sterkaste hjartet
bankande hjarte som sler seg over landegrensar
som kjempar ned folk etter folk
som pumpar ut blod til krigande musklar
verda kan vere så vakker
så uendeleg vakker
når naturen veks seg vill og grøn og slynger seg over alt
verda kan vere så vakker
så uendeleg vakker
når vi lar verda få vere i fred
når vi lar naturen få vere i fred
men verda får ikkje vere i fred
og naturen får ikkje vere i fred
vi menneske lar ikkje verda eller naturen få vere i fred
vi kontrollerer alt
vi kontrollerer kvarandre
eg har det aller best når eg får vere i fred
har ikkje du det også
så godt når du får vere i fred*

når alt det vakre berre får vere og vere
 og du får vere og vere
 i alt det fredelege og vakre
 og alt berre er
 så
 fredeleg
 mor mi blei fødd på stovegolvet i barndomsheimen hennar
 ho skreik då ho blei fødd
 alle levande barn skrik
 når dei blir fødde
 vi blir fødde med kjempande hjarte
 og vi kjempar og kjempar
 heile livet
 heilt til vi dør
 i fred

La hjarta slå i levande kroppar –

Så lenge vi er her på jorda, er vi sett til å vere kvarandres medmenneske. Det er vårt fremste kall, det kan vi aldri vende oss bort frå.

Som eg fekk høyre då eg var sju år og lurte på om verda ville få oppleve dei mørke krigsåra igjen, og kloke vaksne lærte meg det einaste som må vere vår rettesnor til alle tider:

Viljen til fred må alltid vere sterkare enn viljen til krig.

Det må vi aldri stanse opp med å halde fram for kvarandre.

Den viljen må vere i oss sjølv; vi kan ikkje legge den frå oss eller legge den over på andre.

Bruk av våpen kan aldri skape ein forsona fred.

Menneskeætta på sitt verste er det når eigen vinning er viktigare enn å beskytte menneske frå grufulle og øydeleggjande krefter.

Menneskeætta på sitt beste trer fram når vi saman tek oppgjær med det som vil legge aude, og i staden arbeider for forsoning og fred.

Må Guds fred, som går over all forstand, vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus!